

## RAN EINTYPE REGATTA 19-20. september 2015



RAN Seilforening har gleden av å invitera til RAN Eintype Regatta (RER) 19-20. september for Eintypebåtar. RER er ei flott helg med tett eintypesegling på pølsebane, minnerike sosiale hendingar i Anglevik og fremjing av eintypesegling på Vestlandet.



Regattaen vil være underlagt ”reglane” slik dei er definert i Kappseilingsreglene 2013-2016, NSF's lisensreglar, aktuelle klassevedtekter, aktuelle klassar sine rankingreglar og seglingsprogrammet for RER.

### Sportsleg opplegg

- Det vert segla inntil 10 seglasar på Hjeltefjorden/Hauglandsosen
- Klassane vert i år fordelt på to baneområder
- Alle seglasar går på pølsebane
- Laurdag: inntil 6 løp
- Sundag: inntil 4 løp
- Løpslengde: 25-40 minutt
- Lavpoengsystem:
  - 1-3 løp: alle løpa tel
  - 4-7 løp: 1 strykning
  - 8-10 løp: 2 strykningar





### Regattakontor

Regattakontoret er i klubbhuset til RAN Seilforening og har fylgjande opningstider:

Fredag 18. september: 18.00–19.00

Laurdag 19. september kl. 08.30–09.30

Sundag 20. september kl. 08.30–09.30

Etter seglasane er regattakontoret open til ein time etter protestfristen.



### Deltakarar

I samarbeid med flåtekapteinane i dei ulike klassane vert det arbeid for å organisera eit tilbud om utlånsbåtar. I tilfelle det skjer uhell må kvart lag som låner båt, på førehand skriftleg garantera for eigenandelen til forsikringa på den aktuelle båten.

Kontaktpersonar:

Melges	Jens Wathne	995 68 688	<a href="mailto:nor649@gmail.com">nor649@gmail.com</a>
Express	Kjell Magnus Økland	950 46 739	<a href="mailto:kjellmag@gmail.com">kjellmag@gmail.com</a>
Yngling	Karl Petter Haugen	488 81 845	<a href="mailto:kphaugen@online.no">kphaugen@online.no</a>
F 18 & Snipe	Trond Aarø	464 57 952	<a href="mailto:trond@itrond.net">trond@itrond.net</a>
Oselvar	Kjell Totland	480 06 962	<a href="mailto:kjell.totland@nhh.no">kjell.totland@nhh.no</a>
2,4 M	Trond Atle Huth	922 58 388	<a href="mailto:TrondAtle.Huth@laerdal.no">TrondAtle.Huth@laerdal.no</a>
Knarr	Carl Fredrik Joys	917 50 395	<a href="mailto:cfj@cuppcomputing.com">cfj@cuppcomputing.com</a>



### **Tidsprogram fredag 18. september**

2000: Velkomst i Ranheim

2015: Rormannsmøte

2030: Foredrag/debatt om segling i eintypefelt

2115-2400: Sosialt i Ranheim



### **Laurdag 19. september**

1000: Fyrste varselsignal

1000-1630: inntil 6 løp

(Laurdag kokka 1200-1800 er det eit konfirmasjonsarrangement oppe i klubbhuset. Ran Seilforening ber alle involverte om å ta omsyn til dette.)

1630: til lands, fortøying og nedrigging, suppe i naustet, storskjerm med dagens fotofangst

1930-0100: seglarfest i klubbhuset med middagsbuffé, underhaldning, premieutdeling for T/H.

Maten vert levert av Fana Catering. Kuvertpris: 400 kr som skal betalast med online betaling via regattaens nettsider. Påmeldingsfrist fest: onsdag 16. september.



## Sundag 20. september

1000: Fyrste varselsignal

1000-1430: inntil 4 løp

1500: til lands, nedrigging/klargjering for heimreis


1545: mat i klubbhuset og premieutdeling

1630: avslutning og heimreise

## Hamn og overnatting

Alle deltakande båtar i RER kan liggja kostnadsfritt langs kaiene som er markert med raudt på teikninga av RAN Seilforening si hamn i Anglevik. Det vert utarbeidd eigen hamneplan som vil visa kva klassar som ligg kvar. Det er òg god plass på land for mindre båtar. Parkering av bilar og tilhengarar skjer gratis på RAN's parkeringsplass. Det er trådløst gjestenett i hamna.

Tilreisande lag kan overnatta i *Ranheim* som har overnattingskapasitet på 36 personar. Soving i etasjekøyer, ta med sovepose. Pris: 100 kr/natt. Online booking. Det er kjøkken, tørkerom, garderobe, dusjar og toalett i Ranheim + tilgang til garderobar, dusjar og toalett i det nye klubbhuset.



## Kranbruk

For sjøsetjing av tilreisande deltakarbåtar som kjem på tilhengar, er det jolleslipp, betongslipp og kran med 10 tonns kapasitet. Det er kranførar tilgjengeleg alle dagar. Sjøsetjing og landsetjing via kranen er inkludert i startkontigenten. Dei med lengst reiseveg stiller fyrst i krankøen sundag.



### **Klubbmesterskap for T/H**

Laurdag 19. september vil det foregå klubbmesterskap for T&H. Disse båtane tevlar i NOR Rating og seglar eit 2-3 timars løp på faste merker som ligg utanfor eintypebanane. Varselsignal for klubbmesterskapa sin start vert kl. 1200. Deltakarane i klubbmesterskapet er sjølvsagt inviterte på dei sosiale hendingane under RER.

### **Påmelding**

Startkontingent for RER er kr. 800 for 4-mannsbåtane Melges og Express, kr. 500 for 2-3 mannsbåtane Yngling, Oselvar, Snipe, Knarr, og F18, kr. 300 for 1-mannsbåten 2,4M. Påmeldingsfrist: onsdag 16. september 2014. Båtar som melder seg på etter påmeldingsfristen må betale dobbel startkontigent. Påmelding og all annan info om regattaen finn du via [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)

### **Premiering**

Det vert 1/3 premiering til kvar båt i kvar klasse.

Spørsmål kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39 / [kjellmag@gmail.com](mailto:kjellmag@gmail.com))



**Velkomen til RAN Seilforening og RAN Eintype Regatta!**

[www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)